

ODDA2011

LITTERATURSYMPOSIET



*Ro i salen v/Frode Grytten i Litteratursymposiets nye arena og samlingsstad, Sentralbadet Litteraturhus.
Alle foto i rapporten: Marina Sorohan.*

Sluttrapport for Litteratursymposiet i Odda 2011

Oppsummering

Litteratursymposiet i Odda blei arrangert 12. - 16. oktober 2011, og var tidenes største, både i innhald og besøkstal. Tema for 2011 var **BRÅK**. Eit høvande tema i Odda, der hundre års industribråk og spetakkel har gjort industristaden til ein kronisk bråkete by. Frå «slaget i Skrevet» på trettitalet til «-Krafta er vår!» på søttitallet og den pågåande konflikten om det nedlagde smelteverket: Ja til Unesco! Nei, riv driten! Vi ville utforske korleis bråk kjem til uttrykk i litteraturen og kva spørsmål den reiser. Kva slags litterært bråk finst det og kva skapar bråk i det litterære feltet? Gjennom debattar, opplesingar, seminar, samtalar, byvandringar, trommesoloar og konsertar fekk publikum oppleve alle slags former for bråk på Litteratursymposiet.



Bråket vart m.a. visualisert med Oddadyra, laga av vår faste designer Augon Johnsen.

Programmet var meir omfattande enn nokon sinne, fleire forfattarar og kunstnarar enn tidlegare var inviterte, og det var fleire arrangement fordelt på fleire arenaer. I løpet av dei fem døgerna symposiet vart, blei det avvikla 82 arrangement fordelt på 32 arenaer. Vi opplevde nok ein gong ei solid auke i publikumstal, med 8047 besøkande. 2011 var og eit rekordår for billettsalet, der vi tente 450 000 kroner.

Framgangen for symposiet er eit resultat av den solide frivillige innsatsen som er lagt ned sidan den spede byrjinga i 2002, samt profesjonaliseringsarbeidet som blei påbegynt i 2009. Eit oppsiktsvekkjande program og stadig meir profesjonell drift har gitt festivalen eit renommé langt utover vår region. Mange av forfattarane melder tilbake at symposiet truleg er den beste litteraturfestivalen i landet. Den rekordstore pressedekninga i 2011 underbygger inntrykket av at Litteratursymposiet for alvor er å rekne blant dei store litteraturfestivalane i landet.

Administrasjon

Øyremerkte midlar frå Sparebanken Vest gjorde det muleg å begynne profesjonaliseringsarbeidet av Litteratursymposiet i 2009. Marit Eikemo blei tilsett i halv stilling som festivalens første leiar, og vi kunne dermed arbeide meir langsiktig og strategisk enn det som til då hadde vore muleg med tanke på programmering, inntekter, omdømmebygging og synleggjering.

Litteratursymposiet som festival har opplevd ein eksplosiv vekst dei siste fire åra. Frå 3000 publikum i 2008, 6000 i 2009, 7300 i 2010 til 8047 besøkande i 2011. Når det gjeld sjølve organisasjonen har vi imidlertid ikkje hatt ressursar til å styrke denne tilsvarande i løpet av desse åra. Vi er framleis ein svært liten og sårbar administrasjon med festivalleiar Marit Eikemo i halv stilling, som einaste faste tilsette. Med ein så stor festival seier det seg sjølv at dette er i minste laget. Til festivalleiar sine oppgåver ligg alt frå programmering, forfattarkontakt, logistikk, søknadsarbeid og rapportering, lobbyverksemd og informasjonsarbeid (nettsider, presse, trykksaker) og marknadsføring (profileringsmateriell, annonsering osv.). Det ligg elles til stillinga å delta i ulike debattar og konferansar gjennom heile året. Det er også festivalleiar si oppgåve å jobbe med å utarbeide organisasjonsmodell for symposiet. Festivalleiar har også fleire kunstnariske oppgåver i løpet av festivalen, som ordstyrar og samtalepartner og som forfattar med opplesingar osv.

Ulike modellar for organisasjonen er blitt vurdert, og etter juridisk bistand konkluderte vi i 2010 med at festivalen er best tent med å vere eit kommunalt prosjekt mens festivalen enno er i stabilisering- og profesjonaliseringsfasen. Drifta er blitt mykje meir profesjonell, men vi er samtidig meir avhengig av det kommunale systemet.

Det er fleire frå det kommunale systemet som arbeider med festivalen. Dei mest sentrale er kultursjef Nina Kongtorp, som jobbar med symposiet året rundt. Ho bruker om lag tre månadsverk av si tid til dette arbeidet. Biblioteksjef og ansvarlig for festivalens barne- og ungdomsprogram, Else Marie Sandal, bruker om lag 6 veker på symposiet i året, i tillegg går det med om lag 0,5 månadsverk for dei øvrige bibliotektilsette. Stein Egil Legård, teknisk ansvarlig, og Bodil Skjerven, Meieriet kulturhus, bruker om lag 3 veker kvar av si tid som kommunetilsette på symposiet i året. Kulturskulerektor og kunstnarisk ansvarlig for familieforestillinga, Eldbjørg Furholt, nyttar årlig om lag 3 veker på denne. Billettansvarlig Elisabeth W. Hauge jobbar om lag 5-6 veker med symposiet i forkant, under og etter med billetter, honorar, reiserekningar og liknande. Tenestetorget er behjelpelege med billettsal.

Eikemo gjekk ut i svangerskapspermisjon i mai 2011, og Ingvild Ystanes blei då engasjert som festivalkoordinatør i tillegg til at kultursjef Nina Kongtorp la ned ekstra arbeid med festivalen i 2011. Med eit så omfattande program som var på symposiet var det ein stor styrke å ha ein festivalkoordinatør som kunne jobba med logistikk og anna.

Eikemo jobba vekene i forkant og under sjølve symposiet og har gjennom året vore viktig for festivalen. At Eikemo har vore i fødselspermisjon har bidratt til at fleire er blitt involvert i det omfattande arbeidet med symposiet. 2011 har såleis vore eit viktig år når det gjeld å bygge og dele kompetanse for festivaldrift i Odda.

Under sjølve festivalen er eit stort apparat av frivillige i sving, i tillegg til festivalleiinga på 6 personar som jobbar døgnet rundt.

Frivillige



Arbeidet som frivillig på Litteratursymposiet byr på mangfaldig oppgåver.

Blueslaget Lokst Utøve er teknisk arrangør for symposiet, og la ned så mykje som 250 frivillige timar i avviklinga av Litteratursymposiet 2011. I 2011 hadde vi eit langt større frivilligapparat enn tidlegare år: om lag 70 personar var i sving før og under symposiet med store og små oppgåver. 1/3 av dei vart rekruttert gjennom Blueslaget, resten direkte til symposiet og gjennom verving på nett. Frivilligsentralen i Odda var i 2011 meir involvert enn tidlegare, mellom anna som assistentar til festivalkoordinatoren med å organisera dei frivillige, samt som utstillingskoordinatorer. Mange frivillige var også med på byggje – og vaskedugnad for å gjere Sentralbadet litteraturhus klart til symposiet.

At så mange vil arbeide som frivillige, er einseitig positivt for festivalen. Samtidig er det ein stor jobb å koordinere så mange frivillige, som igjen underbygger det prekære behovet for å styrka symposiets administrasjon.

For første gang hadde symposiet i år bemanna festivalkontor, der forfattarane og andre kunne retta seg. Dette var samlingspunkt for festivalleiinga og dei frivillige. Dette letta veldig på det praktiske arbeidet i forhold til tidlegare.

Publikum og billetter

Litteratursymposiet har sett nye publikumsrekordar for kvart år, så også i 2011 då vi kunne telje heile 8047 besøkande på Litteratursymposiet.



Stinn brakke og kø på Hardanger Hotel før Fotballdebatt og på SmåSymp på Meieriet.

Billettsalet gjekk jamt og godt på førehand, og auka kraftig på i løpet av symposiedagane. Det er først og fremst eit stort og dedikert lokalt publikum som kjem på våre arrangement, men vi ser at det kjem stadig fleire tilreisande, både frå regionen og langvegsfrå. Mange utflytta oddingar nyttar høve til å reise "heim" under symposiet for å besøke venner og familie og gå på litteraturarrangement. I 2011 blei det arrangert minst 4 gjenforeningsklasser i løpet av symposiedagane. Det er svært gledelig at Litteratursymposiet også har denne funksjonen: som møteplass for utflytta oddingar.

Med tanke på at Odda har ganske låg overnattingskapasitet er det heilt naudsynt at mange bur privat under symposiet, men vi ser også at det er eit ubrukt potensial i regionen, med tanke på dei som kan reise på dagsturar frå Ullensvang, Røldal og Kvinnherad, samt hyttefolket på Seljestad og i Røldal.

Under symposiet i 2010 blei så godt som alle arrangement utselt i løpet av perioden. Vi tok derfor sjansen på å programmere med fleire arrangement i 2011, og med fleire parallelle arrangement. Dette var eit grep som gjorde at det ikkje blei så stort press på den enkelte arena, men som igjen skapte andre utfordringar for oss som arrangørar, ettersom logistikken blei desto meir komplisert.

At så mange fann vegen til Odda under Litteratursymposiet også i 2011, ser vi som ei stadfesting av at den mangeårige litteratursatsinga i Odda har lukkast og at Litteratursymposiet no har etablert seg som ein av Norges mest populære og særeigne litteraturfestivalar.

Økonomi

Inntektene våre fekk vi i 2011 gjennom støtte frå Sparebanken Vest, Fritt Ord, Norsk kulturråd, Odda Kommune, Hordaland Fylkeskommune, Sparebank1 SRbank, Ullensvang Herad, Odda Energi, Norsk faglitterær - og oversetterforening (NFF), Statkraft og med eigeinntekter frå billettsal. Vi tente 450 000,- kroner på billettsalet i 2011, ei auke på over kr. 100 000 frå året før, samt noko på t-skjortesal.

Nye støttespelarar i 2011 var Odda Energi og NFF, som begge er svært verdifulle samarbeidspartnarar for Litteratursymposiet. Med støtte frå norsk faglitterær - og oversetterforening synleggjør vi at Litteratursymposiet også er ein vesentlig arena for formidling av sakprosa. Det er også viktig for oss å etablere nye lokale samarbeidspartnarar, og derfor er det svært gledelig at Odda Energi vil støtte og profilere seg gjennom Litteratursymposiet.

Den store støtta frå Sparebanken Vest på kroner 600 000 i 2009, blei etter avtalen halvert frå 2010. Dette forklarar at symposiet i 2010 og 2011 naturleg har tært på bufferfondet frå dette året for å kunne oppretthalde nivået på festivalen.

Med vekst i festivalens omfang følgjer naturleg også auka utgifter.

Samarbeidsprosjektet med Odda Ungdomsskule «Bråk i Odda», som m.a. munna ut i Festforestillinga **Bråk on, Odda** (les meir under Program), var eit kostbart prosjekt.

I 2011 var rekordmange deltakarar inviterte for å bidra i programmet og vi hadde difor store utgifter med reise, opphald og honorar. Sidan det vart tilsett festivalkoordinatør i permisjonen til festivalleiar, som og jobba noko, vart lønskostnadane høgare enn tidlegare.

Derfor går Litteratursymposiet i 2011 for første gang med eit lite underskot: ***Samla balanse for 2011 vart – 27 344,-***

Både Odda kommune og Hordaland fylkeskommune har dei siste tre åra auka bidraga sine jamt, og stabilisert støtta si til Litteratursymposiet på eit høgare nivå enn tidlegare. Med den nye ordninga i Kulturdepartementet, blir det imidlertid ikkje lenger gitt faste driftstilskot over statsbudsjettet til andre litteraturfestivalar enn knutepunktfestivalen Norsk Litteraturfestival på Lillehammer. Litteratursymposiet er derfor, som alle andre litteraturfestivalar, henvist til å søke kulturrådet om prosjektstøtte kvart år, og det er hard konkurranse om dei avgrensa midlane kulturrådet disponerer. Sjølv om Litteratursymposiet fekk to-årig tilskot frå Kulturrådet, for 2010 og 2011, er det likevel ei utfordring å oppnå stabil og forutseielig drift med dagens ordning.

Programmet



Programkatalogen var som vanlig designa av Augon Johnsen.

Programmet for 2011 overgjekk alle tidlegare symposieprogram. Som vanlig stod gjengangarar og gamle Odda-venner side om side med førstegangssymposiedeltakarar som Kjell Askildsen, Hans Herbjørnsrud, Ingvild H. Rishøi, Jan Erik Vold, Amal Aden, Anne Oterholm, Åsa Linderborg, Anneli Jordal, Hilde Myklebust, Arild Linneberg, Sigrunn Slapgard, Erling Borgen, Vidar Kvalshaug, Else Olsen Storesund, Oddvar Torsheim og Inger Bråtveit, for å nemne nokre. Dei kjente, og til dels legendariske arenaene våre, Lindehuset, Biblioteket, Hardanger Hotel, Smelt, Odda Kino og Meieriet dannar ei tradisjonsrik ramme for symposiet. I tillegg tar vi kvart år i bruk nye lokale. I 2011 var dette først og fremst Sentralbadet Litteraturhus, men også Iris Scene var eit kjærkomme tilskot, samt Kommunestyresalen, politiet og Espeland Dame.

Opninga **Litterær kraftstasjon** i Lindehuset var tradisjonen tru ei storslått forestilling med ord, musikk og akrobatikk. For første gong hadde vi æra av å ønske kulturministeren velkommen til Litteratursymposiet i Odda. Anniken Huitfeldt opna festivalen med ein engasjert og personleg tale. Ho snakka om sitt nære og sterke forhold til Odda frå tida som ung AUF-ar og gjennom litteraturen som er skriven av Oddaforfattarar. I tillegg til opningsforestillinga fekk den litteraturinteresserte ministeren med seg Litterær høring med Vigdis Hiorth i Kommunestyresalen, opninga av Sentralbadet litteraturhus og opning av utstillinga Geriljabroderi.



Kulturminister Anniken Huitfeldt heldt ein personleg og flott opningstale der ho rosa Odda og Litteratursymposiet. «Bare i Odda snakkar ein om Oddasamfunnet. Det heiter ikkje Jessheimsamfunnet», sa ho.

Oddingen Helge Olsen, eit rykande ferskt alter ego i Frode Gryttens rikhaldige repertoar, opna Litteratursymposiet på vegne av den grå massen: «*Tema i år er bråk og sjølv har eg fått meg ny kåk. No er forfattarane kasta til haiane. Kulturkjerringer – fram med daiene!*»

Kvart år inviterer vi ein av festivalens gjester til å skrive og framføre eit essay rundt festivalens tema. Vigdis Hjorth reflekterte over temaet bråk i eit nyskrive essay.

Sjonglør og utflytta odding Tomm Percy har lese eit av dei mest siterte kapitla i Gryttens Bikubesong, *Å kaste hattar i lufta*, og tok utfordringa. Mest imponerande var likevel dottera hans, 16årige Thea Blossom, som dansa i trapesen i det gamle industrilokalet. Tomm og Thea heldt dagen etter eit forrykande familieshow for store og små.

For andre gang samarbeida vi med Borealisfestivalen i Bergen om eit kunstnarisk innslag under opninga. Pianist Else Olsen Storesund preparerte eit piano med div. objekt. Multikunstnar Oddvar Torsheim avslutta det heile med ein minikonsert med sitt (bråkete) einmannsorkester.

Sentralbadet litteraturhus



Dugnadsgjengen la ned adskillige timar i det gamle Sentralbadet sommar og haust 2011 før Ordførar Gard Folkvord kunne gratulere Odda med Norges andre litteraturhus på symposiets opningsdag..

For kvart år veks festivalen, og for kvart år har vi tatt nye smelteverkshus i bruk: Lindehuset, Vitensenteret, Containerverkstaden og Smia. I år opna vi Norges andre litteraturhus i det gamle Sentralbadet. Her skal vi føre vidare og dyrke Odda sine stolte debatt- og møtetradisjonar.

Initiativet til eit litteraturhus i Odda er ein direkte konsekvens av litteratursatsinga i Odda gjennom ti år. Aktiviteten har akselerert, og behovet var stort for meir plass, og ein samlingsstad for den stadig veksande litteraturaktiviteten og framtidias ambisjonar for litteraturen i Odda.

Arbeidet med byggetrinn 1 starta opp på forsommaren 2011. Etter ein kort og intens byggjeperiode med fantastisk innsats frå entreprenørane i RiO (Restaureringssenteret i Odda) og med uvurderleg dugnadshjelp frå oddingar og litteraturvener i innspurten, blei arbeidsfolka ferdig med byggetrinn 1 onsdag 12. oktober. Same dag var det storslått innflyttingsfest og offisiell opning av Norges andre litteraturhus ved Vibeke Mohr frå Norsk kulturråd, med opplesing ved Frode Grytten, musikk, helsingar og talar.

Etter innflyttingsfesten var Sentralbadet Litteraturhus arena for bokpratar med Anne Oterholm, Frode Grytten, Tomas Espedal, Lars Ove Seljestad og Tore Renberg. Det blei

arrangert opplesingar, debattar og poesiprogram her, samt eksklusivt pisspreik ved dei verneverdige pissoara, med mellom andre Frode Grytten, Herdis Moldøyen og Pedro Carmona-Alvarez.

Barn og unge

Berre det beste er godt nok for vårt yngste publikum. Med eit omfattande program for barn og unge, med nokre av landets beste forfattarar, håper vi å bidra til auka litteraturinteresse og rekruttering til symposiet. Programmet for barn og unge var i 2011 meir omfattande enn nokon gong tidligare.



Litteratursymposiet har høge ambisjonar når det gjeld barne- og skuleprogrammet.

Hovudsatsinga i skuleprogrammet var to forestillingar med Marg og Bein-forfattarane Ingunn Aamodt, Arne Svingen og Jon Ewo. Kinosalen var stemningsfullt innreia med levande lys og hodeskaller og alle elevar i Odda og Ullensvang i 5. – 9. trinn fekk ein solid dose grøss og gru servert. Bibliotekarar i regionen fortel om elevar som veka etter kom springande til biblioteka for å låna Marg og Bein-bøker, og lange ventelister.

Som tidlegare år holdt Pedro Carmona-Alvarez skrivekurs for elevar ved vidaregåande skule. Harald Rosenløw Eeg og Amal Aden holdt foredrag i aulaen. Elevane i vidaregåande fekk og velje seg billetter til arrangement dei gjekk på. Dette ser vi som god rekruttering av framtidige symposievenner.

Hilde Kvalvåg, Ingunn Aamodt, Arne Svingen og Ingvild H. Rishøi besøkte skulane i Odda, Tyssedal, Røldal og Ullensvang, medan barnehageungar i Odda fekk møta Ingunn Aamodt og Pulverheksa i det nye Litteraturhuset.

SmåSymp, barneprogrammet på Meieriet kulturhus i Odda på laurdags føremiddag er eit høgdepunkt for mange barnefamiliar. Forestillinga om *Knølkvalen Kai*, av og med muskar og barnetv-fjes Heidi Marie Vestrheim med vener fascinerte dei små. Ingunn Aamodt las om *Pulverheksa* og programvert Knut Nærum tøyssa og tulla og las frå *Slemme Barn*.

BRÅK ON, ODDA!

Festforestillinga i kinosalen var ein bråkete grand finale. Rektor ved Odda kulturskole, Eldbjørg Furholt er kunstnarisk leiar for forestillinga, som er blant symposiets mest populære arrangement for lokalbefolkninga.



Stjernene under forestillinga var elevar ved Odda ungdomsskule og kulturskule, som bidrog med song, musikk, slagverksolar og eigne tekstar.

I forkant av Litteratursymposiet deltok elevane i musikkprosjektet «Bråk i Odda». Prosjektet skapte engasjement til å skriva og publisera tekst på Facebook, i tillegg til å spele X-box 360 for å få inspirasjon til å spele på ekte instrument. Trommeslagar, komponist og musikkpedagog Lage Thune Myrberget har samarbeida tett med 9. klasse ved Odda ungdomsskule om det musikalske og samspel. Harald Rosenløw Eeg har hatt ansvar for det litterære bråket, gjennom tekstanalysar og skriveprosjekt på Facebook.

Under Sandvika-konferansen «Del og bruk» blei prosjektet kåra til årets mest kreative IKT-prosjekt i open klasse. Prosjektet gjekk vidare til Microsofts innovative lærarkonferanse i Lisboa, der dei vann i kategorien «Learning beyond the classroom». No skal prosjektet representera Europa på ei verdssamling til hausten som eit godt eksempel på å ta i bruk ny teknologi i skulesamanheng.

I samarbeid med Odda Mållag og Odda Vidaregåande skule lyste vi i år ut ein **skrivekonkurrans**e for elevar ved vidaregåande skule. Målet var å vekka gleda ved språk og inspirera ungdom til å skriva sjølv. Skrivekonkurransen blei sparka i gang i september med frivillig skrivekurs etter skuletid med forfattar Pedro Carmona-Alvarez. Elevane blei oppmoda til å skrive fritt, og gjerne relatert til årets symposietema Bråk. 14 bidrag blei levert inn. I juryen satt forfattarane Pedro Carmona-Alvarez, Hilde Kvalvåg og festivalleiar og forfattar Marit Eikemo. I etterkant av symposiet feira vi dei to vinnarane Anna Børve (1. plass) og Cecilie Fredheim (2. plass) med eit bokbad i Sentralbadet Litteraturhus.

Faglig nedslag

Litteratursymposiet styrker for kvart år sin faglige profil. For tredje gang arrangerte vi i 2011 eit heildags **faglig-pedagogisk seminar** på symposiets opningsdag. Seminaret tangerte årets festivaltema og tok føre seg *Litteratur og lesing i ei digital verd*. 42 bibliotekarar, pedagogar og andre interesserte fekk høyra Ingeborg Mjør om multimodalitet, Jannicke Røgler om utlån av e-bøker i folkebiblioteka, Vidar Kvalshaug om Forfatterbloggen og Harald Rosenløw Eeg om film som tekst. Rosenløw Eeg og Lage Thune Myrberget fortalde om Facebook som arena

for skrivekurs og deira arbeid med ungdomsskuleelevar fram mot familieforestillinga *Bråk on, Odda*.

For tredje gong var Litteratursymposiet møteplass for **skrivekunstakademia** i Bergen og Bø. Litteratursymposiet la til rette for eit faglig internt seminar for studentane, og elles for deltaking i programmet. Torsdag kveld var det duka for opplesing i Sentralbadet der studentar og lærarar frå skriveskulane stod på scena saman med Dag Solstad. Hans Herbjørnsrud og Kjell Askildsen var blant publikum då ein av dei største og nokre av dei ferskaste forfattarar i norsk litteratur hadde felles opplesing i Sentralbadet. Samarbeidet var i 2011 som tidligare år til stor glede og gjensidig utbytte for både studentane og symposiet.

Gjennom fleire debattar, samtalar og foredrag viste symposiet eit forsterka fokus på sakprosa. Somaliske Amal Aden var blant dei som engasjerte publikum med sine uredde meiningar om norsk innvandrings- og integreringspraksis og om eit innvandringsmiljø som ikkje respekterer grunnleggjande verdiar som demokrati, likestilling og rettsvern. Aden holdt foredraget «**Bråk i egne rekker**» på Odda vidaregåande skule og på det opne arrangementet **Litterær lunsj** på ein stappfull Smelt Cafe.

Sigrun Slaggard og Erling Borgen stod for det som av mange blei halde fram som eit av høgdepunkta på symposiet. «**Forfattar i felten**» på biblioteket blei eit sterkt møte mellom to engasjerte og kunnskapsrike journalistar og forfattarar som har krigssover og konfliktområder som sitt arbeidsfelt. Erling Borgens siste film «Døden i Camp Delta» blei også vist under festivalen.

På biblioteket møttes også Aslaug Nyrnes og Arild Linneberg til **klassikarsamtale** om Georg Johannsen. Under leiing av ordstyrar Frode Molven blei Johannsens liv og virke sett under lupa.



f.v: Mestermøte, Fotballdebatt og bedriftsbesøk på ETI

Industrien og industrihistoria er uløyselig knytt til Odda og Litteratursymposiet sin identitet. Fleire av våre viktigaste arenaer ligg på det nedlagde Smelteverket. Kvart år har Litteratursymposiet minst ein post på program der forholdet mellom industri, arbeid og litteratur blir tematisert. For første gong tok vi i 2011 steget mot å bli ein nordisk møteplass for arbeidarlitteratur når Aslak Sira Myhre og Lars Ove Seljestad møtte Sveriges fremste forfattar innan arbeidarlitteratur, Anneli Jordahl og forfattar og kulturredaktør i Aftonbladet Åsa Linderborg til **Arbeiderlitteratur no!**, ein samtale om klasse, litteratur og den nordiske arbeidarlitteraturen.

Eit smikkkfullt Senioruniversitet fekk høyre den fascinerande historia om «**Den mislykka spion**»: kunstmalar, forfattar og journalist Alfred Hagn frå Odda, spion og landssvikar og dømt til døden i England. Historia, som også er ei forteljing om Norge sett frå utlandet, om

framveksten av det moderne samfunnet og dei motsetnadene som prega utviklinga, blei fortalt av forfattarane sjølv, Nikolai Brandal, Eirik Brazier og Ola Teige.

Smikkfullt var det også då ein av norsk litteraturs grand old men, Jan Erik Vold møtte Aftenpostens kulturredaktør Knut Olav Åmås i samtalen «**Urolig vaksal**». Vold og Åmås har skrive kvar sin biografi om høvesvis Gunvor Hofmo og Olav H. Hauge. I begge desse forfattarliva har den psykiatriske institusjonen spelt ei vesentlig rolle, og i Odda samtala dei to biografane om psykiske lidingar i litteraturen, forfattaren som psykisk sjuk og kva rolle institusjonen har hatt i utviklinga av forfattarskapa. Lars Amund Vaage og Knut Vaage ramma programmet vakkert inn med opplesing og musikk.

Novelleprogram: Torsdagen sto i novella sitt namn under symposiet. På føremiddagen var det **miniseminar om novella** på biblioteket, der lupa vert sett på Hans Herbjørnsrud og Kjell Askildsen sine forfattarskap. Med Kaja Schjerven Mollerin, Vidar Kvalshaug, Inger Bråtveit, Arve Kleiva, i tillegg til Askildsen og Herbjørnsrud sjølve. På **Novellemaraton** i kinosalen fekk vi opplesing med ved eit knippe av våre fremste novellistar, og bokprat med Kjell Askildsen.

Det blei **organisert bråk** då LO-leiar i indre Hardanger, Terje Kollbotn, møtte Anne Oterholm, leiar av Den norsk forfatterforeninga, og Lars Ove Seljestad, klubbleiar i Aschehoug forlag, til samtale om foreningsarbeid og bråk, eit passende tema for ein litteraturfestival i Odda.

Eit anna passende tema for årets festival var **Rock og Røyk: oddarockens historie**.



Rockebokforfattar Erlend G. Huus, aka professor Einar Rockman i samanliknande rockehistorie, var konferansier for arrangementet med gjenforente band frå alle tiåra i vakkert samspel med dages ungdomsband.

I 2011 var det 50 år sidan rocken kom til Odda, og Oddaforfattar Erlend Garatun Huus har samla rockehistoria mellom to permar. På symposiet blei det lanseringsfest med ei heilafstens feiring av Oddarocken i Lindehuset. Arrangementet fylte Lindehuset og trakk nye publikumsgrupper til symposiet.

Få stader i Odda har det vore meir bråk og spetakkel enn i kommunestyresalen i Rådhuset. På symposiet var salen arena for **litterære høringar** rundt aktuelle tema, administrert av litteraturprofessor Arild Linneberg: Vigdis Hjorth måtte stå til rette for sine 30 dagar i Sandefjord, og fengsels erfaringa som litteratur. Dag Solstad snakka om Ibsen og *En Folkefiende*. Til laurdagens høring hadde vi invitert Fredrik Fasting Torgersen. Den såkalla Torgersen-saka har vekt stor interesse og offentlig kontrovers i Norge sidan 1950-talet: Fasting Torgersen blei i 1958 dømt til livsvarig fengsel og 10 års sikring for drapet på 16 år gamle Rigmor Johnsen i Oslo. Han sona 16 år, og blei friset i 1974. Torgersen har begjært straffesaka gjenoppretta fem gonger, men alle begjæringar er blitt avvist. Torgersen og Linneberg samtala om rettsvesenet, litteratur, Torgersen-saka og publikum fekk høyre nokre

av Torgersen sine dikt, som han skreiv medan han satt fengsla.

Arild Linneberg hadde også ein sentral rolle i programmet om **Litterær parodi**.



Linneberg skriv i Norsk Litteraturkritikk om ein særeigen form for litteraturkritikk, kreativ kritikk. Symposiet blåste liv i denne tradisjonen av harselerande tekstar og sceniske framføringar, til publikums store begeistring.

Linneberg var konferansier når Frode Grytten, Tore Renberg og Knut Nærum blei slept laus for eit fullsett Lindehus laurdag kveld. Dei parodierte andre kvarandre. Her var Knausgård-parodiar, Grytten-parodiar og Renberg-parodiar og ei spektakulær urframføring av teaterstykket «Det bles opp»: eit teaterstykke om to halvgamle skitgutar, om storeskjer og vesleskjer, om døden, naboen, mor di, og Øystein Sunde. Ein litterær parodi, eit gravvalvorleg stykke drama, ein Jon Fosse-tekst skriven av Frode Fosse og Tore Fosse.

Med to av norsk litteraturs grand old men samla i Odda, var det duka for **Mestermøte** mellom Dag Solstad og Kjell Askildsen. Dei snakka om litteraturen, livet, ettermælet og framtida, og om sin djupe respekt for kvarandre.

Fotballdebatten er fast programpost under symposiet. Her kjem mange som ikkje går på andre litterære arrangement, men som kanskje vågar seg vidare når dei først har fått smaken på symposiet. Med Bråk som årets tema, måtte jo tema for fotballdebatten bli *Bråk i Brann*. Davy Wathne, Frode Grytten, Håkon Opdal, Henning H. Bergsvåg, Chris Tvedt og kaptein Aslak Sira Myhre jubla, kranqla og filosoferte seg mot eit svar på eit av dei store spørsmåla i livet: Ka e det med Brann?

Bedriftsbesøk: Forfattarbesøk på jobben er viktige arrangement for å nå ut til nye publikummarar. Vi har i fleire år vore på fabrikkane, men i 2011 ville vi utvida og tok turen til eit knippe bedrifter i Odda. Politistasjonen fekk besøk av Chris Tvedt, jurist og krimforfattar. Aslak Sira-Myhre var hos Odda Energi og møtte dei tilsette og lærlingar på elektrofag. Seniorane på Bokkotunet fekk besøk av Sigrun Slapgard (eit samarbeid med den kulturelle spaserstokken). Jon Ewo var på industribedrifta NLI og Pedro Carmona – Alvarez fekk æra av å lese på symposiets mest spektakulære arena: i ovshuset på fabrikk i Tyssedal. Festivalleiar Marit Eikemo las for dei handlande i gågata, på Espeland Dame.

Med *Bikubesong* har Frode Grytten gjort Murboligen i Odda til ein av Norges største litterære attraksjonar. Vårt faste, gratis lågterskeltilbod **Bikubegang** med Frode Grytten og Pedro Carmona - Alvarez trakk i overkant av 250 publikummar med på byvandring i Odda.

Vi feirar også Murboligen med opplesingar i Gryttens eigen bikube under vignetten **Bikubesalong**. I tre ulike leilegheiter kunne publikum oppleve eksklusive opplesingar med Frode Grytten, Annette Mattsson og Tomas Espedal.



Tre bebuarar i Murboligen opna sjenerøst dørene opp for intim opplesing.

Iris scene; Blueslagets nye samlingsstad, var ny arena av året og fungerte strålande som konsertarena og som møteplass på dagtid. Thai-foreningen i Odda serverte thaimat gjennom heile perioden etter initiativ frå symposiet, eit kjærkome tilbod i eit elles avgrensa restauranttilbod i Odda. Jan Erik Vold og Kåre Virud trollbandt publikum med **Dylan på norsk** på Iris scene, og i høve 70-årsjubileet for Dylan, blei det også arrangert **Dylan på nynorsk** med Tom Roger Aadland. Pedro Carmona-Alvarez, Kaja Schjerven Mollerin og Frode Molven innleia dette programmet med **Dylan-preik**. Her var også konsert med poeten Truls Horvei og musikarar som har tonesett den siste diktsamlinga hans, **Moods of Horvei**.

Litteratursymposiet har som mål å presentere utstillingar av høg kvalitet. Årets **symposieutstilling** var fenomenet **Geriljabroderi**.



Kulturministeren var ein av mange som trakk på smilebåndet av Geriljabroderiutstillinga på kafé Smelt.

Dei krigerske broderistene Mona Pedersen og Astrid Lorås har revolusjonert broderi-Norge med sine ærlege, tekstbaserte broderi om kvardagens små og store frustrasjonar. Geriljaleiarane inviterte folk til å bli med å brodera sannheten om seg sjølv og sine venner. Frivilligsentralen i Odda inviterte til sykkeldar i forkant av symposiet og om lag 20 lokalbroderte bidrag medverka til at utstillinga blei ein stor suksess.

Oddvar Torsheim hadde salsutstilling i eit lokale i Odda sentrum, og var svært fornøgd både med besøket og salet.

Media

Pressedekninga av årets symposium var rekordstor. På opningsdagen var vi på Dagsrevyen med innslag om opninga av Sentralbadet Litteraturhuset og litt om symposiet generelt. Lokalavisa Hardanger Folkeblad hadde ei brei og god dekning av symposiet, både før, under og etter. Vi samarbeidde med dei om å trykka utdrag frå nye bøker av lokale forfattarar: *Saganatt, Fjorden, Samtale ventar* og *Rock og røyk*.



Eit utval presseklipp: Faksimiler frå Bergens Tidene, Klassekampen, Hardanger Folkeblad, Syn og Segn og Bergensavisen.

Regionsavisene hadde god dekning av arrangementet og fleire nasjonale medier omtala symposiet, både i reportasjar og med kronikkar i ettertid. «Look to Odda» skreiv Agnes Ravatn i Haugesunds Avis og Dag & Tid.

Litteratursymposiet var ein snakkis på sosiale medier, særleg på twitter gjekk debatten om Odda. Mange bloggar snakka om Odda, det vart linka til omtalar og folk diskuterte programmet.

Symposiet har alltid vore populært pressestoff, ofte vinkla som eit eksotisk fenomen og begeistring for «kva dei får til i Odda». I det siste ser vi imidlertid at pressa i mye større grad dekker det faglige innhaldet på programmet. Denne utviklinga er svært kjærkommen for oss som arrangørar, og ei særst viktig tilbakemelding. For at vi skal utvikle oss er det nødvendig å vere i dialog med både fagmiljøet og den faglige delen av pressa. Vi ser dette som ei viktig anerkjenning av Litteratursymposiet som ein festival med eit nasjonalt, faglig nedslag.

Ringverknader for lokalsamfunnet

Litteratursymposiet i Odda har som målsetting å skapa positive ringverknader for lokalsamfunnet og vi samarbeider så langt det let seg gjera med lokale krefter og institusjonar. Symposiet er for mange årets høgdepunkt. Gatene i Odda sydar av liv og folk desse dagane.



God stemning i Odda under Litteratursymposiet. Her frå Bikubegang med Frode Grytten.

Vi samarbeider nært med lokale kulturinstitusjonar, særleg med Bluesklubben Lokst Utøve. Som teknisk ansvarlig for Litteratursymposiet, er dei ein uunnværlig samarbeidspartnar, som

i stor grad gjer dette på frivillig basis mot ein mindre kompensasjon. Etter fleire års samarbeid har dei utvikla ein spesialkompetanse i forhold til logistikk, teknisk behov og tilrettelegging på dei ulike arenaene, og ikkje minst også som vertskap for musikkdelen av programmet. Arbeidet med Litteratursymposiet bidrar til å gi Bluesklubben verdifull kompetanse som tekniske arrangørar, også for andre arrangement i regionen.

Norsk vasskraft- og industristadmuseum arrangerte dagleg omvisingane *Smelteverket rundt på 80 minutt*. Andre kulturinstitusjonar vi samarbeider med er m.a. Kulturskulen, Odda musikklag, Odda ungdomslag, Tyssedalkoret og Senioruniversitetet. Litteratursymposiet samarbeider også med institusjonar i Ullensvang (Ekspedisjonen sjenkestove) og i Røldal (Røldalsgarasjen) for å kunne tilby deler av programmet i områda rundt Odda.

Littsymp 2011 i tal

Publikum totalt: 8047

Betalte bill.: 4132

Barnehage/ skule: 1070

Publikum gratisarr.: 1513

Fribillett/ akkred.: 1332

Ant. arr: 82

Skulearr. 18

Gratisarr. 29

Sluttord

Nok ein gong framstod Litteratursymposiet i Odda som ein festival med ein særeigen identiteten og fortetta stemning. Samtidig viser programmet for 2011 at vi klarer å fornye oss frå år til år og vere ein inspirerende møteplass der forfattarar og publikum kjem for å diskutere og lytte til nokre av dei mest aktuelle og brennbare spørsmåla i vår samtid slik dei kjem til uttrykk i litteraturen.

Litteratursymposiet har kvart år vist at vi kan skape vekst i program, publikum, omdømme og økonomi. Det er likevel mye som tyder på at symposiet no har nådd ei grense for kva vi kan oppnå med dei økonomiske rammene som er gitt, personalressursar og knapp overnattingskapasitet.

Festivalen krev no langt meir enn festivalleiar sine 50 prosent. Dei øvrige ressursane som blir nytta frå det kommunale systemet er avhengig av at det er politisk og administrativ vilje til å satse på symposiet i kommunen. Med eit svingande politisk klima, meiner vi dette er ein skjør kontrakt. Det er nødvendig å styrke og vidareføre festivalleiarstillinga og i tillegg opprette ei ny stilling. Slik situasjonen er no, ser vi det ikkje bare som ei utfordring å nå ambisjonane våre om eit større nedslag for symposiet, vi ser det også som ei stor utfordring å skulle oppretthalde dagens nivå. Vi vil likevel jobbe vidare med å stabilisere og utvikle ein av Noregs mest særeigna litteraturfestivalar, eit regionalt kraftsenter og knutepunkt for kultur og litteratur, og slik bidra til omdømmebygging og utviklinga av det moderne Odda, eit industrisamfunn i omstilling.